

## **Styremøte i Voss idrottsråd onsdag 23.03.2015 Voss Gymnas.**

### **Referat**

Tilstades: Ingvill, Nils, Erik, Gunn Marit og Terje.

### **Saker:**

Informasjon frå møter der idrottsrådet har vore representert:

- Nils orienterte litt om saksgangen rundt prosessen med kommunal kulturplan. Arbeidet har munna ut i ein plan som har eit folkeleg språk og som ein kan vera nøgd med.

Gjennomgang av årsmelding: Erik gjekk gjennom forslag til årsmelding og det vart innarbeidd ein del nye moment. Erik legg siste handa på denne i løpet av kvelden og syter for at den vert kopierte opp i ca. 20 eksemplar til årsmøtet i morgon.

Rekneskapen skal vera revidert utan merknader frå revisor. Inge Arild var ikkje tilstades på møtet slik at me fekk ikkje gått gjennom rekneskapen, dette vert gjort rett før årsmøtet i morgon.

Alle i styret vert oppmoda til å møta fram til årsmøtet kl 18:45

Det vert eit felles møte mellom gamalt og nytt styre rett over påske.

Referent: Terje Græe

## § 15 Årsmøtet sine oppgåver

(1) Årsmøtet skal:

- a) Godkjenne dei frammøtte representantane
- b) Godkjenne innkallinga, saklista og møteregeane
- c) Velje dirigent(ar), sekretær(ar)<sup>8</sup> og 2 representantar til å skrive under protokollen
- d) Handsame årsmeldinga
- e) Handsame idrettsrådet sin rekneskap i revidert stand
- f) Handsame forslag til arbeidsprogram. Drøfte og prioritere planar for anleggsutbygging og aktivitetsutvikling
- g) Handsame forslag og saker
- h) Vedta budsjett
- i) Gjere følgjande val:<sup>9</sup>
  1. Leiar og nestleiar
  2. 4..styremedlemer<sup>10</sup> og 2 varamedlemer, som skal veljast som 1. og 2. varamedlem
  3. Revisor med vararevisor<sup>11</sup>
  4. Representantar til idrettskretstinget eller gi styret fullmakt til å oppnemne representantane
  5. Valkomité med leiar og 2 medlemmer og 1 varamedlem for neste årsmøte.

(2) Leiar og nestleiar skal veljast enkeltvis. Dei andre medlemene til styret skal veljast samla. Deretter skal varamedlemene veljast samla, og ved skriftleg val vert rekkjefølgja avgjord i høve til stemmetala. <sup>8</sup>

(3) Bedriftsidrettslaga i kommunen vel ein styremedlem, med varamedlem, som tiltrer styret i idrettsrådet.<sup>12</sup>

<sup>8</sup> Referenten(-ane) treng ikkje vere vald/oppnemnd representant.

<sup>9</sup> Dette er minimum av dei tillitspersonar som skal veljast på årsmøtet. Årsmøtet kan i tillegg velje andre tillitspersonar det er behov for.

<sup>10</sup> Tal styremedlemer vert fastsett ved vedtak av lova. Styremedlemene kan veljast til spesifikke oppgåver

<sup>11</sup> Idrettsråd med årleg omsetnad på meir enn kr 5 millionar plikter å ha engasjert revisor, jf. NIF-lova § 2-11, og må ta inn følgjande som ny bokstav i) i § 15: «Engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere idrettsrådet sin rekneskap». Bokstav i) vert flytta til ny bokstav j) og bokstav j (før bokstav i)) punkt 3 må endrast til «Kontrollkomité med 2 medlemmer og 2 varamedlemer».